



Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1108 - 14/3583

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:  
12.03.2014

## Søknad om dispensasjon frå 100-meterbeltet for oppattbygging av kaianlegg ved notebu på Flatøy, gnr. 1, bnr. 405.

### Saka gjeld:

Det er i søknad stempla motteke 07.01.2014 frå eigar av gnr. 1, bnr. 405, Kristian Samuelsen, søkt om dispensasjon, for oppattbygging av kaianlegg og rehabilitering av notebu på Flatøy.

### Plangrunnlaget

Eigedomen ligg innanfor 100-meterbeltet og er avsett i kommuneplanen sin arealdel som område som skal regulerast. Etter plan- og bygningslova av 1985 kunne areal båndleggjast for seinare regulering etter § 20-4, nr. 4, men med mogelegheit for forlenging med 2år, jf § 20-6, 2. ledd.

Administrasjonen legg til grunn at arealet i tidlegare arealplan (1988-2000) er avsett til LNF- område og vil på bakgrunn av dette handsame dette arealet som LNF-område i dag.

### Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv dagsett 12.12.2013 søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i 100-meterbeltet, for rehabilitering av notebua. Når det gjeld tilkomst frå/til sjø, har søkjar lagt fram 2 alternativ.

#### Alternativ 1:

Oppføre gangveg/stilas-fundament framfor notebu, samt føre opp ei mindre brygge med flytebryggje tilknytta.

#### Alternativ 2:

Byggje opp att den gamle kaien, samt oppføre gangveg/stilas-fundament framfor notebua.

### Nabovarsel:

Søknaden er nabovarsla 05.01.2014. Det ligg ikkje føre merknader.

### Søknad om dispensasjon etter pbl kap 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det er søkt om dispensasjon frå. I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det mellom anna:

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

*Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

Dispensasjonar kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine føremål, vert sett vesentleg til side.

I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

I § 1-8 heiter det mellom anna: « I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særleg hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Andre tiltak etter § 1-6 første ledd enn fasadeendringar kan ikkje setjast i verk nærare sjøen enn 100 meterfrå strandlinjen målt i horisontalplanet av alminnelig høyvann ... forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikkje annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan...»

#### Førebels vurdering:

Tiltaket er tilstrekkelig gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Søknaden gjeld rehabilitering av notebu og oppattbygging av kaianlegg og gang, stilas – fundament framfor notebua, eventuelt mindre bryggje med tilknytta flytebryggje.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga og Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Meland kommune ber om Dykkar uttale innanfor gjeldande fristar.I

## Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland Kommunal og samfunnsplanavdelinga	Postboks 7910	5020	BERGEN